


Ti salmar på ein time i kyrkja i morgon, onsdag 14. okt.

13.10.2020



[Velkomne til salmesong i kyrkja i morgon, onsdag, kl. 18 - 19.](#)

Soknerådet i samarbeid med kantor Eva Megyesi skipar til salmekveld i morgon, onsdag 14. oktober kl. 18.00. Kyrkjekoret Nordsaang vert med og økta varer ein time fram til kl. 19.00. Programmet er sett opp etter salmeyskje, tilsaman ti salmar frå Norsk salmebok.

Dei fleste salmane er kjende for alle, slike som Det er makt i de foldede hender, Deg være ære, O stor Gud og Guds kjærleik er som stranda. Ein av Olav H. Hauge sine to tekstar i salmeboka er med. Tittelen er Alltid ventar eg å finna.

Trygve Bjerkrheim er representert med to salmar. Edvard Hoem sin tekst Eit lite barn voks opp til mann er også med i utvalet.

Kyrkjekoret Nordssang opnar og avsluttar salmøkta i kyrkja i morgon. Det vert ført frammøteliste og kyrkjebenkene er merka for å halda på meteren.

Velkomne skal de vera.

Tekt/foto/nett: Kristian Bringedal